



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Marianne Lunder Kjelby, 55 57 20 55

Vår dato
29.09.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2014/11481
Dykkar referanse

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Tiltak som ikkje er satt i verk

Fylkesmannen viser til halvårsrapport frå Meland barnevernsteneste, første halvår 2014, vedkomande undersøkingar som er konkludert med behov for tiltak etter barnevernslova.

Fylkesmannen skal med heimel i barnevernslova (bvl) § 2-3, fjerde ledd, jf. § 2-3b føre tilsyn med barnevernsverksemda i fylket. Dette inneber mellom anna å sjå til at kommunane utfører dei oppgåvene dei er pålagt etter lova.

Kommunane skal sikre at barn og unge får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid. Dette betyr at barnevernstenesta skal setje i verk tiltak snarast mogeleg der det er konkludert med at barnet har særlege behov for hjelpetiltak. Når det er fatta vedtak om tiltak har barnevernstenesta et kontinuerleg oppfølgingsansvar overfor barnet og barnets foreldre for å sikre at tiltaket fungerer etter sitt føremål.

Det går fram av halvårsrapporten at Meland barnevernsteneste har konkludert 20 undersøkingar med at barn har behov for tiltak etter barnevernslova. I halvårsrapporten kjem det fram at 15 barn ventar på disse tiltaka.

Fylkesmannen er pålagt å sjå på kva som er årsakene til at barn og unge ikkje får den hjelpa dei etter barnevernslova har krav på.

Fylkesmannen ber kommunen gjere greie for årsaka, i kvart av dei 15 tilfella, til at tiltak overfor barn/unge ikkje er sett i verk. Kor mange av desse 15 har i dag fått tiltak i perioden frå 30. juni og fram til i dag? Dersom tiltak for alle ikkje allereie er satt i verk, når reknar ein med å ha dei resterande tiltaka etablert?

Vi ber om tilbakemelding innan 20.10.14.

Med helsing

Øystein Breirem Jakobsen
seksjonsleiar

Marianne Lunder Kjelby
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.